

Presidenten har ordet

Ottar Befring er president i Norges Forsvarsforening



NO ER DET OPP TIL STORTINGET!

Langtidsproposisjonen om Forsvaret ligg til behandling i Stortinget. Ansvaret er lagt til vår øvste lovlege myndigheit. Eg reknar med at representantane tek dette med det største alvor. No er det Norge sitt beste som må vege tyngst. Eg har den tiltru til våre folkevalde at dei vil vere seg dette ansvaret verdige. Vi treng eit tverrpolitisk svar frå Stortinget, tilsvarende det som det forsvarspolitiske utvalet kom fram til. Difor håpar eg at Stortinget samlar seg og kjem fram til eit godt resultat til beste for Forsvaret og Norge. Ja vist, vil det bli politiske dragingar mellom ulike fraksjonar og distrikt, men om dei viktige hovedlinjene som struktur og økonomiske føresetnader må Stortinget samle seg. På den måten kan vi få eit: Forsvar til vern om Norges sikkerhet, interesser og verdier, som proposisjonen heiter.

Analysen er god og i det heile er første del av proposisjonen grundig, velskriven og leseverdige. Når forsvarsstrukturen skal komponerast, side 41: " Dette krever militære styrker med tilstrekkelig kvalitet, reaksjonsevne, strategisk og taktisk mobilitet, egenbeskyttelse og utholdenhet. Tilstrekkelig utholdenhet må tillegges betydelig vekt". Ein god konklusjon som inviterer til oppfølging frå Stortinget. For sjølv om mykje er positivt i proposisjonen, manglar oppfølging av "utholdenhet". Her ser det ut som vi kan rekne med at NATO står klar til å rykke inn med hjelp på timen, når vi måtte ynskje det. Slik er det sjølsagt ikkje. NATO er vårt ryggskjold og eg er ikkje i tvil om alliansens vilje og evne til å stille opp, men føresetnaden er at at vi sjølve har tilstrekkeleg haldetid og dybde til at vi kan ta i mot hjelp. Skal Forsvaret vere tilstrekkeleg konfliktavvergende må vi ha så store ballanserte styrkar at vi unngår eit raskt "feta compli" frå ein aggressiv angripnar.

Ja, eg ser at det er lagt opp til å styrke Hæren. Problemet er at Hæren no er på eit nivå der personell og materiell er tøygd ut over forsvarlege grenser. Skal Hæren styrkast må den tilførast fleire kompani, bataljonar og brigader med

personell og materiell og øvingstid. Å tilføre nokre stillingar er ikkje ein reell auke, det er knapt nok til å fylle dei hol som er i strukturen i dag. Eg meiner at Hæren må styrkast med minst 2 mobiliserbare brigader kvar med 3 stridsbataljonar, i tillegg til det som er foreslått i proposisjonen. Desse brigadane må jamnleg øvast og i ein gitt situasjon om nødvendig kunne øvast opp til eit høgere nivå. Ein Hær på det nivå vil også kunne vedlikehalde vårt engasjement i utlandet.

Sjøforsvaret ser ut til å ha blitt godt ivaretatt i proposisjonen og det er positivt. Norge har ein lang kyst og store havområder, og vi må ha kapasitet til å hevde vår suverenitet til havs. Eg vil likevel, slik Forsvarsforeningen har gjort fleire gonger, trekke fram ubåtar som ein avgjerande ressurs for å skape maktbalanse mot ei maritim overmakt på overflata. Vår generalsekretær har med sjølvsyn sett korleis ein konvensjonell ubåt kan lamme ei heil hangarskipsgruppe, berre med sitt blotte nærver. Etter vårt syn har ikkje Norge råd til å gi avkall på ein slik mulegheit for avskrekking, og difor bør ubåtar ha førsteprioritet i Sjøforsvaret. Det betyr at arbeidet med å skaffe nye moderne ubåtar må intensiverast og talet bør aukast til 9. Dei nye fregattane kjem som ein god nummer to, medan MTBane kjem sist i vår prioritering. Men når det er sagt meiner også vi at MTBane styrker marinen vesentleg med eit større tal kampfarty.

Tida for val av nye jagarfly nærmar seg. Diverre står vi igjen med berre 2 tilbydarar, men det er likevel viktig at vi held timeplanen. Mykje tyder på at vi endar opp med 48 fly. Det er i tilfelle heilt margialt i høve til det som vi treng. I si tid kjøpte vi 72 F 16 og rekna det som eit minimum. Vi burde difor sett oss råd til eit større tal, men det viktigaste no er at vi tek dei val som gjer at F 16 kan få avløyning. Jagarfly er ein avgjerande ressurs også for andre militære operasjonar, og vi må velje eit fly som kan bruke i alle tiltenkte roller i mange år framover.

Heimevernet skal ha 45000 soldatar og kvalitetsreformen held fram. Det er bra, men kvifor HV skulen på Værnes skal leggst ned og HV distrikt skal slåast saman ut frå eit rasjonelt standpunkt, har eg vanskar med å forstå. Vi må halde på HV sin eigenart og desentraliserte struktur, det er grunnleggande for HV.

NFF vil som forening vere forsiktlige med å gå inn i ein lokaliseringsdebatt, men når det gjeld ledelse må vi få peike på at Forsvarssjefen med heile sitt apparat høyrer til nær opp til den politiske ledelse og Forsvarsdepartementet. Å utlokalisere Generalinspektørane vil ikkje berre vere uheldig, det vil og svekke den militærfaglege politiske innflytelse og dermed rokke ved maktfordelingsprinsippet som er så viktig i vårt demokrati.

Det er elles naturleg at vi kraftsamlar styrkar og stridledelse i Nord, det er der vi har våre største nasjonale utfordringar.

Mykje positivt kan seiast om økonomi. Denne proposisjonen gjer det endeleg klart at vi skal ha eit Forsvar for framtida og ikkje eit avviklingsforsvar. Men spørsmålet er om dette er bindande nok? Her bør komiteen og Stortinget protokollere ein auke ut over pris- og kostnadsveksten. Først då blir dette eit skritt i rett retning. NFF vil tilrå at målsettinga om 2% av BNP som årleg budsjett innan utgangen av av neste 4 årsperiode blir nedfelt i innstillinga. Det vil kunne løfte Hæren til eit forsvarleg nivå og ta vare på dei fleste tilrådingane som Forsvarssjefen har med i FS 07 (satsingsforslag ved auka budsjettnivå).

Eg vil oppmode komiteen og Stortinget om å kome fram til gode merknader og vedtak som reelt styrker Forsvaret og gir trygge rammer for framtida. Det vil vere ei god investering i eit Forsvar som er tilstrekkeleg krigsforebyggande! Eit ballansert og styrka militært Forsvar er den beste garantien for ei fredeleg utvikling i våre områder.

Ottar Befring
president i Norges Forsvarsforening